



Johannes Taranger og Maria Krakus mottar diplom frå Eli Haugan i Kvinnherad kulturskule.

Kvinnherad kulturskule har ei ordning der dei deler ut diplom til trufaste elevar. For å vera kvalfisert til å motta diplom, må ein ha vore elev i minst 5 år. I tillegg må ein vera elev til ein når aldersgrensa som er 19 år. Dette året var det 6 elevar som fekk diplom. To av dei fekk den overrekk i Rosendal onsdag. Det var Maria Krakus frå Valen og uskedelingen Johannes Taranger.

Johannes Taranger har vore elev i heile 11 år. Han starta med ei kortvarig opplæring i danseleik. Deretter gjekk han over på messing og spela althorn. I denne perioden var han også medlem i Uskedal skulemusikk. Althornet vart så skifta ut med gitar, og dette instrumentet har han vore trufast mot til han no har nådd aldersgrensa.

På konserten spela han i ein gitarkvartett saman med Eivind Bjørnebøle og dei to gitarlærarane Gjermund Fredheim og Ingvald T. Nilsen-Nygaard.

Sjølv om Johannes no har nådd aldersgrensa, er det ikkje sikkert han sluttar i kulturskulen. Det er nemleg mogeleg å søkja om eit ekstraår. Det har den ivrige gitaristen gjort.



Johannes med diplomten vert flankert av br rne Simon(t.v.) og Jonathan som ogs  er gitarelevar.
Tekst, foto og nett: Thor Inge D ssland.